

Storingsrepresentantane i Sogn og Fjordane
Dato
 LEIKANGER, 14.05.2018

Behov for eit bevaringsprogram for steinkyrkjene frå mellomalderen – Innspel til statsbudsjettet for 2019.

Sogn og Fjordane fylkeskommune ber om at det i samband med arbeidet med statsbudsjettet for 2019 vert teke initiativ til eit eige bevaringsprogram for steinkyrkjene frå mellomalderen med løyving over statsbudsjettet.

Kinn kyrkje skal restaurerast og setjast i stand for 15 mill. kroner. Flora kommune er eigar og må ta denne kostnaden. Dei har fått lovnad om ein mindre sum i støtte frå Riksantikvaren.

Kinn kyrkje er ei av sju ståande mellomalderkyrkjer i stein i Sogn og Fjordane. Dei andre er Vereide kyrkje (Gloppen), Kvamsøy kyrkje (Balestrand), Hove kyrkje (Vik), Vangen kyrkje (Aurland), Leikanger kyrkje (Leikanger) og Dale kyrkje (Luster). Desse kyrkjene er særst verdifulle kulturminne i sitt lokalmiljø, og ein del av dei nasjonalt viktige kulturminna. Dei fortel mykje om den lange historia kyrkja har hatt i fylket samstundes som dei betyr mykje for innbyggjarane i soknet.

På landsbasis er det få bevarte steinkyrkjer frå mellomalderen. Det er den enkelte eigar/kommune som har vedlikehaldsansvaret for kyrkjene, inkludert mellomalderkyrkjene. Når det gjeld vedlikehaldet av steinkyrkjene er dette svært kostbart og fylkeskommunen ser at det er behov for ein skreddarsydd tilskotsordning for vedlikehald og restaurering.

Staten ved Riksantikvaren har forvaltningsansvaret for mellomalderkyrkjene. Forvaltningsansvaret bør inkludere ei støtteordning som tek sikte på at alle steinkyrkjer frå mellomalderen får eit ordinært vedlikehaldsnivå.

I tida 2001 til 2015 hadde Riksantikvaren eit eige bevaringsprogram for stavkyrkjene. Stavkyrkjene i Noreg er no sett i stand og er i dag godt tekne vare på. Bevaringsprogrammet vart finansiert med tilskot frå statsbudsjettet.

Tida er no inne for å ta eit nytt steg for å sikre dei store kulturhistoriske verdiane som steinkyrkjene frå mellomalderen representerer. Eit einstemmig Storting ba i

2015 regjeringa vurdere eit bevaringsprogram for dei mest verneverdige kyrkjene etter modell av stavkyrkjeprogrammet. Dette bør følgjast opp no med etablering av eit langsiktig bevaringsprogram for desse kyrkjene. Eit slikt program kan også bidra til ei lokal kunnskapsoppbygging i vedlikehald og restaurering av murbygningar, noko som ein igjen kan ha nytta av ved istandsetjing av andre typar bygningar i mur.

Med helsing

Jenny Følling
fylkesordførar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Mottakar (ar)
Stortingsrepresentantane i Sogn og Fjordane